Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 85. | Fylke: Møre og Romsdal
Tilleggsspørsmålnr. | Herad:
Emne: Tradisjonar, tro og segn, omkring jeger og jaktdyr. | Bygdelag: Hjørundfjord
Oppskr. av: Edv. Standal | Gard: Standal
(adresse): Ulsteinvik | G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Hørt fra mor og onkel som er død for 25-30 år sedan.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Tradisjonar. Tro og segner omkring jeger og jaktdyr.

I.

1. Ein skulle ikkji skyte ville eller tamme sovande dyr.

2.

Gjorde ein det vart ein jamt kvikksett, og såg på med mindre gode augo. Det galdt ikkji minst når dyret låg på ungane sine, og dei var nyfødd.

3.

Söndagsjakt var det mest aldri. Det vart rekna som helligbrøte.

4.

Dei skulle ein forfølgje lengst råd var, og så verkeleg få livet av dei.

5.

Aldri gå med ladd gevær før ein kom på jaktfeltet, og ikkji kome heim med ladd gevær. Det var mest ei uskreva lov.

6.

Luftdraget, temperatur, korleis husdyra oppførde seg, og slik gjerne ravn og hauk bar seg åt.

17274

7.

Nei det veit eg ikkje. Han hadde so vidt eg veit rett bit heile dyret.

8.

Ja, ulv, rev, mår, oter, gaupe, røyskatt tok ein aldri kjøtet av, berre skinn og labber.

9.

Nei.

10

Har høyrt dei brukte det mot. Kalvekasting og hjå hestar. (mot den ein kalla: Kalvskot (abort) og mot „Kolstrumbe". (krampe under kalvinga) Korleis dei nytta det, veit eg ikkje.

11-12

Nei.

13.

Ja. For bjørnen hadde fått smak på kjøt, (blitt slagbjørn), kunne ein ofte sjå at dei gjekk saman med buskapen utan å røve dei. Han tok mest aldri da på folk. Og kvinner som gjekk med barn, rørde han aldri. Andre fortel at han var naske etter kvinner med barn?

14.

Var buskapen jaga av bjørn og nådde heim til sæterkvia, kunne gjentene kanskje hurreinar og springe rundt med hujing og skrik, Slå på blekkspanner m. m. Då vart bjørnen jamt rædd og rømde.

15

Dei hadde ei sterk tru på einebær på ymse vis. Om det gjekk verne mot rovdyr tore eg ikkje seia.

16

Det har eg høyrt, om det var vanleg veit eg ikkje.

17-18.

Veit ikkje.

17274
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

19.

Dei laga det på den måten at dei slyngja saman fleire sterke tåttar ved hjelp av slyngjestokkar. Så drog dei det gjennom fjöre eller barka det (Steddel- og vanligt)

20.-21

Dei sette gjerne krossmerke på fjosdör eller låvedör. Og veit det fanst fehörner men huga dei ikkje no.

22

Svarteböker höyrde eg ofte om, men sag ingen. Det sagdest at sume brukte dei både ofte og gjarnt.

23-24.

Ikkje det eg kan hugse.

25-28.

Det er så lite eksakt i det eg har höyrt, at eg kan 'kje seia noko.
At dei laga kulor av sölvknappar og ymse andre metal er sikkert. Det var dei gamle smedane som stelte med det. kor dei gjekk fram veit eg ikkje.

29.

Den siste bjørnen, som vart drepen rilla på sjöen, etter eit velretta öksehogg i panna. Han vart „bukseut" i land og hovudet spikra på stabbursveggen på garden Vis. rett over fjorden til garden Standal. Eg såg sjölv björnehovudet. Ulven var buti fir. Dette var lenig 1895.

30.

Det har auka på med rovdyr under og etter den siste heimskrigen. No er det först og fremst raudröv, gaupe og så eit utal av villmink. Det har dei siste åra vorte drive hard jakt på rovdyra, då dei til dels har gjort stor skade på husdyra.

17274
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING